



Stord



FITJAR



### Er miljøplanen din à jour ?

Det kan være lurt å sjekke at miljøplanen din er oppdatert før søknadsomgang i juli 2013.

Husk at alle som søker om produksjonstilskot må ha oppdatert miljøplan innan 31.07.2013.

Det er òg krav om miljøplan ved søknad om tilskot gjennom Regionalt miljøprogram (RMP).

Nytt for 2013 er at fleire av tilskotsordningane krev miljøplan trinn 2.

Meir info om RMP på side 2.

### Invitasjon til kurskveld for oppdatering av miljøplan

Liv Lyngstad frå Norsk Landbruksrådgjeving vert kursleiar.

Enkel servering kr. 100. Finn fram miljøplanen din og ta den med.

Meld deg på til kurset:

**23. april kl. 19.30-22.30 (Fitjar rådhus)** eller

**24. april kl. 17.30-21.00 (Stord rådhus)**

Påmelding til SFLMK innan mån 22.04 kl. 12:

tlf. 53 45 85 00 eller [asno@fitjar.kommune.no](mailto:asno@fitjar.kommune.no)

Link til info om miljøplan:

<https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/jordbruk-og-miljo/bondens-miljoplan>

### Sjekkliste for miljøomsyn ved jordbruksdrift for 2013-2014

...er ein del av miljøplanen som skal fyllast ut før 15. november kvart år.

Denne vert ikkje lenger sendt ut i papirformat gjennom posten.

Statens landbruksforvaltning legg opp til at du som søker av produksjonstilskot sjølv skal laste ned sjekklista fra [nettet](#). Rettleiing finn du på [nettsida til Statens landbruksforvaltning](#).

Sjekklista vert liggjande tilgjengeleg i kundetorga i Stord og i Fitjar. Ved spørsmål, ta kontakt med Landbruks- og miljøkontoret.

---

## Regionalt miljøprogram for Hordaland 2013-2016

---

**Ordninga er revidert. Her kjem ein smakebit før veiledingsheftet vert utsendt i juni/juli.**

Framleis er det berre søkjarar av produksjons-tilskot som kan søkje om RMP tilskot.

RMP-ordninga vert no basert på elektroniske søknader og kart. Miljøplan trinn 1 er framleis eit vilkår, men for enkelte ordningar vil krav om skjøtselplan og miljøplan trinn 2 koma i tillegg.

Dei reviderte strategiane for RMP finn du her:

<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-fra-Regionalt-miljoprogram-/Regionalt-miljoprogram-2013-16/>

### Nytt i RMP-ordninga

- Miljøvennlig nedlegging av husdyrgjødsel med bruk av tilførselsslager
- Beitedyr på fjellbeite i organisert beitelag
- Fjordhest
- Kulturmiljø (ikkje enkeltbygg) som er freda, regulert etter PBL eller ligg i omsynssone kulturmiljø.

### Ut av RMP-ordninga

- Driftstilskot til verdifullt innmarksbeite
- Turstiar



---

## SMIL-midlar 2012 og 2013

---

Det vart løyvd kr 227 650,- fordelt på 8 føretak i Fitjar og kr 213 000,- på 3 føretak i Stord. Løyvingane gjekk til istandsetting av kulturlandskap og kulturminne.

Ved ordninga "Særskilde miljøtilskot i landbruket" kan det m.a. søkjast om tilskot til:

- Planlegging av fellesprosjekt
- Istandsetting av kulturlandskap eller område med spesielt biologisk mangfald
- Istandsetting og tilrettelegging av stiar og ferdselsveggar
- Istandsetting av kulturminne og verneverdige bygningar

Til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) kan du søkja om tilskot til planting, rydding, vegbygging og annan skogskjøtsel. Spørsmål kan rettast til Aase Nøttveit eller Ole Kristian Trondsen.

**Søknadsfristen for SMIL- og NMSK-tilskot 2013 er 15. mai**

Søknadsskjema og meir info kan du få hos SFLMK v/Aase Nøttveit eller du finn det her:

<http://fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Spesielle-miljotiltak-i-jordbruket/>

## Gardskart – sjekk kartet før du søker om produksjonstilskot

Ein del jordbruksareal på gardskarta vart retta i 2012, men diverre er enno ikkje alle rettingane oppdaterte i kartbasen på <http://gardskart.skogoglandskap.no>.

Dette vonar me vert gjort i løpet av våren slik at de finn opplysningane ved å søkje på eigen eigedom. Fleire har avtale om synfaring og oppretting av gardskart. Dette vert starta opp så snart graset er i vekst. Det er arealtala som ligg i gardskartet ditt som skal nyttast når du søker om tilskot til areal 31.07.2013. Ver difor nøye med jordbruksarealet i gardskartet ditt er rett. Ta kontakt ved spørsmål.

### Avfallsplan for SIM

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) skal utarbeida ny avfallsplan i samarbeid med eigarkommunane.

SFLMK ved Kari Rydland skal representere kommunane Stord og Fitjar i dette arbeidet. Planen vil vera utarbeidd med bakgrunn i nasjonale mål for regjeringa si avfallspolitikk. I tillegg vil den bli sett opp mot kommunane sine miljø- og klimaplanar



### Tal frå hjortejakta 2012

✓	Løyve gitt	354 dyr
⊕	Tal skutt	299 dyr
%	Fellingsprosent	84 %
⚖	Kjøttmengde	13 572 kg
\$	Anslått verdi	542 880 kr
📅	Jegerdagar	636 dagar
⌚	Jegertimar	2223 timer
👁	Sett hjort	1946 dyr



### v a t n frå fjell til fjord

Arbeidet med å følgja opp vassforskrifta går inn i eit hektisk arbeidsår. Innan 1. juli er det venta at alle som påverkar vassmiljøet slik at det er trong for å setja inn tiltak, bidreg med innspel til dette for å nå målet om god miljøtilstand i innsjøar, elvar og kystvatn. Tiltaka vert samla i ein tiltakstabell som igjen dannar grunnlaget for ein tiltaksanalyse, og skal vera ferdig innan 15.des.

SFLMK v/Kari Rydland leiar dette arbeidet for Vassområde Sunnhordland, og alle 9 kommunane har sin eigen kontaktperson for å følgja opp arbeidet i den einskilde kommune. For Stord og Fitjar er Bjørnar Løkstad kontaktperson. Hordaland Bondelag v/Bjarte Naterstad sit i referansegruppa.

Les om arbeidet i vassregion Hordland på Vannportalen: [www.vannportalen.no/hordaland](http://www.vannportalen.no/hordaland)



## Informasjon om Landbruks- og miljøkontoret

### Bjørnar Løkstad

Tlf: 53 45 85 40 – 480 06 434

E-post: [bjornar.lokstad@fitjar.kommune.no](mailto:bjornar.lokstad@fitjar.kommune.no)

#### Konstituert leiar (Konsulent, natur og miljø)

Administrasjon og leing.

Biologisk mangfald, miljøspørsmål, verneområda, viltforvaltning, plansaker, AR5 og gardskart, nettsida, miljøsertifisering, konsesjonsfritak, havbruk, motorferdsel m.m.



### Audun I. Torvund

Tlf: 53 45 85 47 – 99 70 20 66

E-post: [audun.torvund@fitjar.kommune.no](mailto:audun.torvund@fitjar.kommune.no)

#### Seniorrådgjevar, landbruk

Landbruks- og konsesjonssaker, næringssaker/bruksutbygging  
Innovasjon Norge, arealplansaker; kommuneplanar og reguleringsplanar, buplikt, driveplikt, rettleiing og handsaming i høve til landbrukslovene



### Aase Nøttveit

Tlf: 53 45 85 48

E-post: [aase.nottveit@fitjar.kommune.no](mailto:aase.nottveit@fitjar.kommune.no)

#### Fagkonsulent landbruk

Produksjonstilskot, avløysartilskot, sjukeavløysing, SMIL-ordninga, RMP (regionalt miljøprogram), miljøplanar, gardskart og landbruksregister, praktikantordninga, tidlegpensjon, ulike prosjekt



### Kari Rydland

Tlf: 53 45 85 49

E-post: [kari.rydland@fitjar.kommune.no](mailto:kari.rydland@fitjar.kommune.no)

#### Konsulent, landbruk og miljø

Miljøspørsmål, forureining, utsleppsløyve, tilleggsnæringar til landbruket, bygdeutvikling, "Inn på tunet", produksjonstilskot, kontaktperson friluftsliv (Fitjar)

#### Prosjektleder, Vassområde Sunnhordland



### Ole-Kristian Trondsen – 60 % (onsdag, torsdag, fredag)

Tlf: 53 45 85 51 – 917 02 193

E-post: [ole-kristian.trondsen@fitjar.kommune.no](mailto:ole-kristian.trondsen@fitjar.kommune.no)

#### Fagkonsulent, skogbruk

Skogspørsmål og skogforvaltning; skogkultur, hogst, skogfond, skogsvegar, miljøtiltak i skogen, viltforvaltning  
Skogtenester for Bømlo og Austevoll



### Geir Røssland – 30 %

Tlf: 53 45 85 33 – 948 25 346

E-post: [geir.rossland@fitjar.kommune.no](mailto:geir.rossland@fitjar.kommune.no)

#### Konsulent, landbruk (engasjement til 01.07.2013)

Delingsaker, nydyrking, rettleiing og handsaming av saker i høve til landbrukslovene m.m.



### Informasjon på e-post

Me kjem framover til å senda ut INFO-skriva per e-post. Ein del e-postadresser har me, m.a. slike som er oppgjevne på søknadane om produksjonstilskot.

Fekk du ikkje dette INFO-skrivet på e-post kan du sende di mail-adresse til [asno@fitjar.kommune.no](mailto:asno@fitjar.kommune.no).

**Dersom du ikkje føretek deg noko vil du sjølvsgatt fortsatt få skrevet i posten som før.**

(Om du ynskjer å reservera deg mot å få INFO-skriv på e-post svarar du berre på e-posten du fekk INFO-skrivet på).

**NB!**